

Saksframlegg

Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/6336-2

Forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring innan utdanningsprogram for Bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule i Sogn og Fjordane

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for opplæring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet for opplæring rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Forskrifta vert vedteken slik den ligg føre i saksframstillinga.

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

Som saksordførar vert vald:

Vedlegg:

1. Høyringsbrev datert 16.05.18

SAKSFRAMSTILLING

Forskrifta er her teken direkte inn i saksframstillinga:

Forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring innan utdanningsprogram for Bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule i Sogn og Fjordane

Kapittel 1. Formål og verkeområde

§ 1. Formål

Formålet med den endra fag- og timefordelinga er å legge til rette for at elevar som vert tekne inn på utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk, kan delta i skiskyting saman med elevar på landslina Studiespesialisering med skiskyting ved Stryn vidaregåande skule. Utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk vert organisert som vekslingsmodell, ein modell der opplæringa vekslar mellom skule og bedrift gjennom heile opplæringsløpet.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld alternativ fag- og timefordeling for Utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk og Utdanningsprogrammet studiespesialisering med skiskyting ved Stryn vidaregåande skule.

§ 3. Verketid

Forskrifta gjeld for elevar som vert tekne inn på utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule frå hausten 2018.

Kapittel 2. Fag- og timefordelinga

§ 4. *Elevane får høve til å få fagbrev innanfor bygg- og anleggsteknikk kombinert med skiskyting ved å velje/følgje følgjande fag- og timefordeling som alternativ til den ordinære:*

Fag	År 1	År 2	År 3	År 4 – 4,5
Programfag og YFF	(Årstimar)	(Årstimar)		
Produksjon	337 (1PD12) Veksling mellom opplæring i skule og i bedrift	337 (2PD12) Veksling mellom opplæring i skule og i bedrift	Veksling mellom opplæring i skule og i bedrift	Veksling mellom opplæring i skule og i bedrift
Teikning og bransjelære	140 (1TOB5) Veksling mellom opplæring i skule og i bedrift	140 (2TOB5) Veksling mellom opplæring i skule og i bedrift		
Yrkesfagleg fordjuping (YFF)	168 (1PRO6) Veksling mellom opplæring i skule og i bedrift	253 (2PRO9) Veksling mellom opplæring i skule og i bedrift		
				Tverrfagleg eksamen Fagbrev
Fellesfag	(Årstimar)	(Årstimar)	(Årstimar)	(Årstimar)
Matematikk	84 (1MAP3)			
Naturfag	56 (1NAT2)			
Norsk		56 (1NOR2)	56 (2NOR2)	
Engelsk		84 (1ENG3)	56 (2ENG2)	
Samfunnsfag				84 (2SAM3)
Kroppsøving	56 (1KRØ2)			
Landslinje skiskyting	140 (1TID5)	140 (2TID5)	140 (3TID5)	

Målsettinga med fagfordelinga er å gi aktuelle elevar høve til å kombinere trening i skiskyting med opplæring i bygg- og anleggsteknikk og oppnå fagbrev i eitt av lærefaga frå vg2 byggtsteknikk.

Opplæringsløpet inneber slik flytting av fag: fellesfag vert flytt frå vg1 og vg2 til vg3 og vg4. Avsluttande fellesfag er på vg1-nivå.

På vg1 og vg2 vert 84 t frå YFF brukt til skiskyting, timane vert lagt til læretida.

§ 5. Nasjonale krav til den endra fag- og timefordelinga

Den samla fag- og timefordelinga for Vg1, Vg2 og Vg3 skal være lik den nasjonale fag- og timefordelinga for eit gitt utdanningsprogram og programområde, og skal vere i samsvar med læreplanverket, inkludert læreplanar for fag, og minstetimetallet i fag. Elevane må ta faga i den rekkefølgja som går fram av læreplanen, i tråd med progresjonen i faget.

§ 6. Elevane sine rettar

Eleven kan søke seg til eit ordinært tilbod. Ved slikt byte må eleven ta eventuelle fag som manglar for å få vitnemål. Ved byte av skule i Sogn og Fjordane fylkeskommune har mottakaraskulen ansvaret for at eleven får faga eleven manglar. Dersom eleven ønskjer det, kan mottakaraskulen gjere avtale med eleven om at vedkomande tek faget som privatist.

§ 7. Den endra fag- og timefordelinga skal følgje trekkordninga for eksamen

Trekkordninga for eksamen gjeld også for elevar som følger alternativ fag- og timefordeling. Yrkesfagleg opplæringsløp skal vere ein del av trekket i Vg1 og Vg2, der inntil 20 % av elevane vert trekte ut til eksamen i eitt fag, sett over to år. Elevane skal opp til den obligatoriske tverrfaglege eksamen i programfag på Vg2.

Kapittel 3. Søknad om inntak

§ 8. Inntak til VG1

Inntak til vg1 følger vilkåra i Kap. 6, jf. forskrift § 6-13. Skulen vurderer om det idrettsfaglege nivået til søkaren er tilfredsstillande. Dersom søkaren konkurrerer seg inn i inntaket, får søkaren tilbod om å delta i skiskyting. Skulen har inntil 10 plassar på landslina Studiespesialisering med skiskyting. Søkarar til Utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk kjem i tillegg til desse plassane. Skulen avgjer kor mange søkarar til bygg- og anleggsteknikk med skiskyting det er kapasitet til å ta inn.

§ 9. Inntak til vg2 og vg3

For inntak til vg2 og vg3 må søkaren ha bestått alle faga på lågare nivå i tråd med den fastsette alternative fag- og timefordelinga, jf. § 6-28 i forskrift til opplæringslova. Elevar som har inntil to(2) 1-arar eller IV, kan likevel flyttast opp på neste nivå dersom rektor etter ei heilskapleg vurdering, finn det forsvarleg jf. § 6-37, sjå forskrifta kapittel 6.

Kapittel 4. Iverksetting

§ 10. Iverksetting

Forskrifta trer i kraft 1. august 2018 og gjeld for skuleåret 2018-2019.